



❖ bygd for sterke opplevingar

Voss, mai 2017

## Prosjektskildring

### Voss Barnefilmfestival 5. – 10. oktober 2017

Voss Kino held til i nye Voss Kulturhus som opna januar 2011, Voss kino har topp moderne og nye heil-digitale salar med 443 seter totalt, fordelt på tre salar (272/94/79).

Voss Kino ynskjer å arrangera ein festival for barn og unge på Voss. Tidspunktet for barnefilmfestivalen er 5.-10. oktober 2017. I år ynskjer me å utvida festivalen frå fire til seks dagar. Festivalen har tidlegare vore godt besøkt måndagen, som er fyrste dag i haustferien. Me vil difor prøva å utvida festivalen til å omfatta tysdag 10. oktober også. Festivalen rettar seg mot born i alderen 3-15 år, med eit tilrettelagt opplegg for dei aller yngste. Det vert framsyning av i alt 20 forskjellige filmar. Totalt vert det mellom 40 -50 ordinære visningar, 2-3 skule- og barnehagevisningar og 1 VIP-visning. Fredag vert det ordinære framsyninga i tidsrommet 18:00-21:00 og laurdag - tysdag frå 11:00-21:00.

Festivalen vil knyta delar av framsyningane opp mot barnehagar og skular på Voss. Torsdag har vi skuleframsyning for 10. klasse og fredag føremiddag vert det filmframsyning for barnehagane. Ved å tilby film til barnehagar og skular er me med på å synleggjera film som kunstuttrykk i utdanningsinstitusjonane i bygda. Kanskje får me eit breiare publikum med omsyn til alder, kjønn og fleirkulturell deltaking, enn om ein berre baserer seg på betalande gjestar.

I tillegg til eit rikt filmprogram vert det filmverkstad gjennom DKS, regissørbesøk, LAN i samarbeid med ungdomshuset, eventyrstund i biblioteket, kortfilmkonkurranse og konsert med Voss musikklag. I tillegg vil me vil laga til ulike opplegg knytt til dei ulike filmane på festivalen.

Gjennom samarbeidet med Ungdomshuset og ungdomsklubben Gryto involverer me born og unge i festivalarbeidet. Dei unge får høve til å vera med å forma innhaldet dei fire festivaldagane. Me håpar dette vil gje dei eigarskap til festivalen. Voss bibliotek lagar temautstillingar om eventyr, det vert òg teikneverkstad i barneavdelinga. Ungdommar frå Gryto og Ungdomshuset Voss vert invitert til å delta på opningsfesten, der dei mellom anna får ansvar for musikken og enkelte av aktivitetane på festen.

Voss kino vil fremja film som kunstuttrykk og vera med å skapa entusiasme kring film hjå dei unge i lokalmiljøet. Me ynskjer å rekruttera framtidige kinogjengrar og vera med på å byggja opp eit ungt filmmiljø i regionen. Me har vore på studietur til Barnefilmfestivalen i Kristiansand og Verdens beste – Tromsø Barnefilmfestival og har fått mykje god hjelp, inspirasjon og kontaktar der.

Voss kino vil tilby borna i regionen eit rikt og variert festivalprogram. Det vert filmvisning for dei aller minste borna, med kortfilm spesielt tilpassa dei aller yngste. Voss kino tilbyr Voss Sparebank VIP-framsyning der dei kan invitera kundane sine på ei eksklusiv barnefilm-framsyning.

## Filmverkstad

Animasjonsfilm handlar om å skapa liv og rørsle med ein serie bilete, i staden for å ta opp vanleg film. I løpet av ein skuledag får elevene kjennskap til prinsippa ved å laga animasjon, dei får eit verktøy for å forstå mykje av det visuelle i dagens samfunn, og høve til å laga sine eigne filmar på ein enkel måte.

Dagen byrjar med ein introduksjon med nokre filmklipp og litt bakomfilm. Deretter jobbar elevane med skisser, historier og figurar i papir eller plastilina, før sjølve filmen vert produsert. Filmverkstaden vert avslutta med tips til korleis deltakarane kan laga sine egne animasjonsfilmar heime.

Etter kurset legg animatøren på lyd eller musikk. Det ferdige resultatet vert presentert for andre elevar og/eller foreldre, eller lagt ut på nett. Det er animatør Jan Rune Blom som held kurset, han har mellom anna laga kulissane i animasjonsfilmen Jul i Flåklypa. Tilbodet er tenkt til alle 7. klassar i Voss kommune.

## Kortfilmkonkurranse

Kvart år arrangerer me kortfilmkonkurranse der me utfordrar born til å laga ein kortfilm med mobilkameraet sitt. Temaet for konkurransen i år er eventyr. Den siste festivaldagen vert det framsyning og premierung av beste kortfilm

## Møte med regissør/filmskapar

Gjennom samarbeid med DKS ynskjer me å ha eit pedagogisk opplegg knytt til filmen, «Barneraneren». Me vil invitera regissør Jon Haukeland til å koma å fortelja om filmen.

Barneraneren er ein dokumentarfilm frå 2016. Filmen handlar om 15 år gamle Noah som bur i Groruddalen i Oslo. Ein dag blir han arrestert og tiltalt for medverknad til fire grove ran av born. Straffa vert å flytta frå barndomsvenane sine og starta eit nytt liv i Bærum.

Filmen tek opp store tema som er aktuelle for unge menneske: samhald, lojalitet, frykt, vennskap, rollemodellar og mobbing. Han skildrar dei viktige vala me tek i livet med dei konsekvensane det får.

## LAN-party

I samarbeid med ungdomshuset på Voss vil me laga LAN-party i kulturhuset under barnefilmfestivalen. Her tek ungdomane med seg pc-ane sin og koplar dei saman i nettverk og spelar multiplayerspel mot kvarandre.